Sensorrettleiing NOR4103

Kurset har ei semesteroppgåve på «ca. 23.000 teikn utan mellomrom», slik det står på emnesida. Det finst derimot ingen prosedyre i innleveringssystemet for å kontrollera dette tekniske kravet, og det er uråd for sensorane å etterprøva om oppgåva i røynda har «ca. 23.000 teikn utan mellomrom». Sensorane må difor bruka eige skjøn for å vurdera om oppgåva har passeleg lengd.

Studenten vel sjølv emnet for semesteroppgåva, men emnet skal ha noko med norsk språkhistorie å gjera. I vurderinga vert det lagt vekt på desse tinga:

- Kor stor innsikt i kunnskapsinnhaldet viser studenten?
- I kva mon viser studenten evne til sjølvstendig, kritisk vurdering og problemløysing?
- Kor god er oppgåvestrukturen og framstillinga av emnet?
- Kor sikker og formelt korrekt er språkføringa?

Desse punkta i vurderinga kan ikkje kvantifiserast objektivt, so sensorane skal i stor mon bruka fagleg skjøn i vurderinga av arbeidet.